

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



Jinka-prosjektet  
til Øygarden  
ungdomsskule.  
Sjå meir siste side.

I dette  
nummeret  
kan du m.a. lesa:

Nye Kystradioen  
Verdas nordlegaste bibelskule  
1. og 2. klasse sin leirdag  
"Skruen" mekkeklubb

**MY SISTERS WOMEN'S WELFARE ASSOCIATION DAYCARE**

እሁተኛ የሴቶች ደህንነት ፊል ካር

✉ 42174 ☎ 011 372 47 60 E-mail: [mysisters@ethionet.et](mailto:mysisters@ethionet.et)

side 4  
side 5  
side 6  
side 9

# "Radiopresten"

Som faste lyttarar til Kystradioen alt veit, er "Radiopresten" framleis på lufta under nye konsesjonstilhøve. Eg er takksam for at eg har fått høve til å gå inn i dette kristne "non-profit"-mediearbeidet, som eg driv på fritida.

Bakgrunnen for radioarbeidet mitt er eit kall eg trur eg fekk frå Herren som tenåring(1964) til å gå ut med Evangeliet om Jesus Kristus i radio. Men eg ønskjer å vere tru óg mot prestekallet. M.a. i preika mi i Blomvåg 150608, og i ØyNytt 05/06, 05/-og 06/08 kjem eg inn på mi kallssoge.

"Radiopresten" har vore produsert av meg sjølv i heimestudio i samarbeid med Olav Hardang i P7 Kristen Riksradio sidan februar 2009.

"Radiopresten" inneholder tradisjonell kristen forkynning innretta etter



kyrkjeåret med innleiing og avslutning. Ann Kristin Kristoffersen frå "gamle" Kystradioen har annonseringane og kjenningsmelodiane er dei åndelege songane "I Love to tell the Story"(Alan Jackson) og "God be with you till we meet again"(Jim Reeves).

Det har kome såpass god respons på "Radioprest"-sendingane at eg har fått frimot til å halda dei i gong, og avtale er nyleg gjort for 2011 for "Radioprest"-sendingar med nye sendetider, på Kystradioen Sotra(måndagar 2030-2100), Kystradioen Bergen, og Radio Osterøy(torsdagar 1830-1900).

Det er óg gjort avtale om at programmet snart skal kunne lastast ned frå P7 Kristen Riksradio sine sider, og det vil



då kunne sendast på alle radiostasjonar rundt om i landet som måtte ønske dette.

*Eg vonar at kyrkjefolk og kristenfolk, og i det heile alle som ønskjer å høyre tradisjonell kristen forkynning vil nyitta seg av dette radiotilbodet. Eg vonar óg at de som har tru for saka kan tenke dykk å støtta sendingane økonomisk. Det er óg høve til å sponse sendingane.*

**Sparebanken Vest giro: 3628.53.35781.**

Sjå óg [www.northernstar.no/radiopresten.html](http://www.northernstar.no/radiopresten.html)

sokneprest@kyrkja.net

**"Radiopresten" sine frekvensar på FM:**

**Kystradioen Sotra**

*Frekvens [MHz] Senderposisjon Effekt  
100.9 BRAKSTADFJELL, Meland 30 watt*

**104.5 BILDØYFJELLET, Fjell 100 watt  
105.5 FØRDESVESEN, Sund 20 watt  
Sendetid for Radiopresten er mandagar 2030-2100.**

**Kystradioen Bergen**

*Frekvens [MHz] Senderposisjon Effekt  
88.6 KNAPPEFJELL, Fana(Bergen) 35 watt*

**100.3 ULRIKEN, Bergen 35 watt  
103.3 GEITANUKEN, Åsane(Bergen) 249 watt  
107.5 HAUS, Osterøy 198 watt  
Sendetid for Radiopresten er torsdagar 1830-1900.**

**Radio Osterøy/Radio PR**

*Frekvens [MHz] Senderposisjon Effekt  
100.0 KNARVIK, Lindås 5 watt  
103.6 STOREKNAPPEN, Meland 100 watt*

**104.8 ROTTEN, Osterøy 100 watt  
106.0 FJELLSBØFJELLET, Lindås 20 watt  
106.9 FOTLANDSVÅG, Osterøy 20 watt  
Sendetid for Radiopresten er torsdagar 1830-1900.**

**Frist for stoff til  
nr 2: 11 er 22. mars**



**Den norske kyrkja  
i Øygarden**

## ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingen:	Min. kr 100,- innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.	3628.07.02557
Trykk:	BODONI, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg.	Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Heimesider:	<a href="http://www.kyrkja.net">www.kyrkja.net</a>
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

Kyrkjelydspedagog:	Trine Overå Hansen
E-post:	<a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a>
Telefon:	5638 2247

Kantor:	Anne Lise Grøm
E-post:	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2245/9188 1208

Sokneprest:	Svenn Martinsen
E-post:	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:	Bjørg Blom
E-post:	<a href="mailto:diakon@kyrkja.net">diakon@kyrkja.net</a>
Tlf.	4781 6181

Kyrkjeverje:	Odd N. Thormodsæter
E-post:	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjegarb. Blomvåg:	
Kåre Kristoffersen, Klokkar i Blomvåg:	911 05 197 Ole Vik

Kyrkjetenar/kyrkjegarb. Hjelme:	
Kjellaug og Raymond Vik	900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje:	5638 7022
Hjelme kyrkje:	5638 8030

Råda:	
Hjelme og Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrklege fellesråd:	
Leiar: Atle Dåvøy	

Beredskapsordning for Vesthordland prosti	
Tlf. 954 83 655	

*Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.*

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før

**5638 2244.**

# MIN SALME

av kantor Anne Lise Grøm

1. Velt all din veg og vande  
og all din hjarteverk  
på Far i livsens lande,  
han har ein arm så sterk.  
Han som kan stormen binde  
og bryte bylgja blå,  
han skal òg leia finne,  
så du kan hamna nå.
2. På Herren du deg stydje,  
om det deg vel skal gå!  
Han veg for deg skal rydde,  
så du ditt mål kan nå.  
Med sut og sorger såre  
du like fattig gjeng;  
men be om barnekåret,  
så får du alt du treng.
12. Gud, gjer ein fredsæl ende  
på all vår tunge sut,  
du take sjølv i hende  
vår sak til siste slutt,  
din nåde du oss unne,  
og lei oss steg for steg,  
til vi har kransen vunne  
og sankast inn til deg!

Salmen står på nr  
461 og har 12 vers

Eg har fått utfordringa å plukka ut  
"Min salme" frå den store og rike  
salmeskatten vår.

Vi syng mykje heime, spesielt i  
advents- og juletida vi nettopp har vore  
gjennom. Det er så mange flotte salmar  
å velja mellom, men etter å ha vore i  
tenkeboksen ei tid finn eg fram den  
inderlege trøystesalmen: **Velt all din veg og vande.**

Ein organiskollega fortalte at ungdomskoret hennar var så glade i  
denne salmen at dei stadig ville syngja han på øvingane. Ungdom ber  
ofte på mykje smerte, sorg og bekymringar og denne salmen trefte dei  
på underleg vis rett i hjartet.

Teksta er av den tyske presten Paul Gerhardt (1607-76) og han er ein  
av dei største salmeskaldane i den lutherske kyrkja med om lag 120  
salmar, åtte står i Norsk Salmebok.

Salmen er omsett av M.B. Landstad til bokmål (nr. 460) og av  
Anders Hovden til nynorsk (nr. 461), og er bygd over bibelverset frå  
Salmane 37.5: "Legg din veg i Herrens hand, lit på han, så skal han  
gripa inn".

Melodien er av Hans Leo Hassler som var ein berømt kantor og  
komponist i Nicolaikyrka på same tid og som sette tone til fleire av  
salmane til Gerhardt. Melodien speglar teksta på ein meistarleg måte.  
Øygardskoret syng salmen på ein folketone som Kristine Sture frå  
Øygarden har sunge inn til Statsarkivet i Bergen. Sigbjørn Apeland  
har arrangert den for kor.

Ei legende fortel at Gerhardt skreiv salmen då han var på vandring  
med familien sin etter at han vart avsett som prest i Nicolaikyrka  
i 1666 i striden rundt dei reformerte og lutheranarane. Legenda  
stemmer nok ikkje fordi salmen er skrive 13 år før han vart avsett.  
Han opplevde mykje sorg og smerte ved tapet av fire av fem barn og  
opplevelingar under trettiårskrigen, så han visste kva trengsle og naud  
var og kor viktig von og trøyst er for oss menneske.

Eg utfordrar Olaug Skjold til å skriva til neste nummer av ØyNytt!



## Gamalt biletet frå Øygarden



Våren 1964. 7.klasse er  
konfirmantar og avgangselevar.  
Ein herleg flokk det var sårt å  
skiljast frå, tykte klassestyraren  
Hans Steinsund, som og knipsa  
biletet.

Frå Hans sitt album

## Vel gjennomført Alpha-kurs i Øygarden.

Denne vinteren har det vore Alpha-kurs i Øygarden. Kvar onsdag frå 27.okt-10 har me samlast ein flokk frå nord og sør, ca 20 til saman. Samlingane har vore på kyrkjekontoret på Rong.

Av Bjørg Blom (kursdeltakar)

Bibelundervisninga har sokneprest Svenn Martinsen hatt ansvar for, med god hjelp av Per Fimreite, Helge Unneland og Egil Hjortland.

Mange ulike tema har dei hatt framme, Om livet, og det å vera ein kristen, om tru og tvil, om Guds leiing og kall, med meir.

Kvar kveld har me starta med sosialt samvær, med kveldsmat og go-prat. Deretter var det bibelundervisning, med påfølgjande samtale i grupper. Kurset slutta av siste helga i januar, med samling og festmiddag.

Det har vore fine samlingar med bibelundervisning, vegleing, og mange spørsmål og svar!

Alle har me ting me strevar med i livet vårt, spørsmål me ikkje finn svar på, ting som me undrast over. Då er det fint å få samtala med andre i mindre grupper, og få knytta kjennskaps- og vennskapsband! Fint å få dela fellesskapet med kvarandre, på tross av at me er ulike som menneske. Det å få dela Guds ord med kvarandre, og sjå at Han elskar oss med ein evig kjærleik, nett slik me er. Han har kalla oss til å tena kvarandre, til æra for Han!

I Romarbrevet kap.8 frå vers 35 vert me minna om at INGENTING kan skilja oss frå Hans kjærleik!

## Nyttårshelsing frå Tednebakkane omsorgssenter

Me som arbeider i Pleie- og omsorg har eit yrke som krev oss på så mange måtar. Me får vera med når ting er vanskelege, når val skal takast, når uventa sjukdom og liding er stor og når sorg og sakn rammar. Men me får også vera med når glede over betring og framsteg inntrer.

Me har fått utallige konfektesker, blomar, pengegåver – og ikkje minst flotte kort og brev med gode ord. Slikt varmar og gir oppmuntring i kvardagen. Takk også for gode samtalar med kvar og ein av dykk.

**Mottoet vårt er: "Delt sorg er halv sorg, delt glede er dobbel glede."**

Med desse orda ønskjer vi å takka dykk alle, pårørande og pasientar, for alt de har gitt oss i 2010.



Representantar for tilsette på TBOS: Ann Karin Myhre, leiar dementavd., Britt Jorunn Landro, einingsleiar, Ingeborg Torås, leiar somatisk avd.



## er tibake på dagtid - på permanent basis.

**– Dette er stort. Jeg gleder meg til å være tilbake med direktesending på formiddagen, sier Bjørn Inge Sagstad, daglig leder i Kystradioen.**



Framtiden til Kystradioen har vært usikker i snart to år, men nå er det endelig avklart: Mandag 29. november gikk de på luften på ny frekvens - på samme nett som Radio Sotra.



– Vi er tildelt en såkalt nisjekonsesjon, det gir oss i utgangspunktet rett til sendetid på kveld og helg. Men en avtale med Radio Sotra, som har allmenkonsesjonen på nettet, har gitt oss muligheten til å sende på dagtid. Det er vi veldig glade for, sier Johnn Hardang, styreleder i Kystradioen.

Helt siden Kystradioen mistet allmenskonsejonen i juni i 2009 og P7 Kristen Riksradio overtok eiersvaret for radioen, har det vært arbeidet med å finne gode løsninger for videre drift. Vegen har vært lang og kronglete - men målrettet.

– Vi har greid å holde liv i Kystradioen hele perioden, men det

kjennes godt å ha funnet en permanent og stabil løsning. Alle hverdager fra 09-11 finner du oss nå på Radio Sotra. Dette er et kraftig sendernett som når langt ut, og det vil være godt mulig å ta oss inn også utenfor Sotra. I tillegg vil vi fortsatt sende på kveldstid i Bergen på den gamle frekvensen, sier Johnn Hardang.

Kystradioen blir også sendt over Nordhordlandsnettet.

Kystradioen er kjent som en lokal allmennradio på kristen grunn. Den profilen vil også være med inn i ny tid.

– Vi satser på lokalt magasinstoff, gjester og reportasjer. Det blir også riksnyheter hver hele time. Og ikke minst ønsker vi å spille mye norsk musikk, sier Bjørn Inge Sagstad. Kystradioens gamle flaggskip på søndagene er også med videre, både på Sotra og i Bergen, men med en lavere nyhetsprofil enn de gamle Kystradio-søndagene.

– Jeg ser fram til å møte både gamle og nye lyttere, sier Bjørn Inge Sagstad.

For mer informasjon, kontakt daglig leder: Bjørn Inge Sagstad - 976 55 307  
styreleder Johnn Hardang - 481 43 335

**Beste frekvenser for Kystradioen:**

**Kystradioen Sotra FM 100.9/104.5**

**Kystradioen Bergen FM 88.6/100.3/103.3**

**Radio Osterøy FM 103.6/104.8**

# Helsing frå verdas nordlegaste bibelskule

I august 2010 byrja eg å jobba ved Fjellheim Bibelskule og her kjem ein liten rapport frå arbeidet i nord. Fjellheim Bibelskule er ein av Norsk Luthersk Misjonssamband sine tre bibelskular i Noreg. Skulen ligg i Tromsø mellom fjell som er gigantiske for ein som har vakse opp i Øygarden. Nyleg kikka sola fram igjen etter at det har vore mørketid i nokre månader.

Av Ingvald André Kårboe

I år har me totalt 50 elevar. Sjølv om det hovudsakleg er elevar frå Noreg har me også nokre internasjonale innslag med nokre svenske og ein boliviansk elev. Ekstra kjekt i år er det at Åshild Magnesen frå Øygarden har vald å bruka eit år på bibelskulen!

Kva gjer me på ein bibelskule? Korleis ser ein vanleg skuledag ut? Kvar skuledag byrjar med at me samlast til ein morgonsamling. Her deler me eit ord for dagen før me bed i lag for ulike aktuelle bønneemner. Det er godt å få starta dagen med å leggja den i Guds hender! Deretter fylgjer skuledagen med undervisning innanfor ei rekkje ulike fag. Eg kan for eksempel nemna Romarbrevet, Sjelesorg, Truslære, Frelseshistorien i GT, Jesaja og 1.Korinterbrev. Utanom dette har elevane lønnkammer 3-4 timer i veka for personleg bibelstudium. På ettermiddagstid er det tilbod om gym for dei som ynskjer det.

I tillegg til desse vanlege skuledagane så er Fjellheim ein skule som har ein del reiseaktivitet. I løpet av året reiser me på turnear, utreisehelger og distriktsbibelskular til andre stader i Nord-Noreg, Nord-Sverige og Russland. På distriktsbibelskulane flyttar me heile bibelskuleundervisninga

## Bibeltimar på Nautnes bedehus:

-Torsdag 24. februar kl 1900. Dobbelt bibeltimme ved Karl Johan Hallaråker: "Vårt samfunnsskall – vårt misjonskall". Kvelds, samtale.

-Torsdag 31. mars kl 1900: Bibeltimme v/Ole Abel Sveen: "Åndens fylle – åndens makt."

Kvelds, samtale.

-Torsdag 14. april kl 1900: Bibeltimme v/Audun Hjellvik: "Evangeliske forbilder frå GT"

Kvelds, samtale.

-Torsdag 12. mai kl 1900: Bibeltimme v/Glenn Nord-Varhaug: "Den nye skapningen."

Kvelds, samtale.

Arr. Lokale indremisjonsforeiningar.

## Møteveke i Blomvåg kyrkje

15. – 20 februar,  
kvar kveld kl 1900 ved Marit Stokken.  
Arr: INRI

## Songkveld i Blomvåg kyrkje

med "Nordhordlandsmusikken" søndag 13/3 kl 1900.

Arr: kyrkja/indremisjonen

bort frå Tromsø og til ein annan stad i Nord-Noreg. Undervisninga er då open for alle som ynskjer det, då me ynskjer å kunne få vera med å gjeva bibelundervisning til dei ulike kristne flokkane som sit rundt omkring i denne landsdelen. I tillegg har me no på vårparten tilbod om ein utanlandstur for elevane. Dei fleste reiser i februar og mars på ein to månaders tur til Bolivia. Andre ynskjer heller å delta på ein tur som er ein månad til Mongolia og Kina. I løpet av desse turane ynskjer me at elevane skal få eit glimt av misjonsarbeidet og få sjå at hausten framleis er stor og arbeidarane er få.

Kva er tanken bak å driva ein slik skule? På den eine sida så håper me at dette er eit år der elevane kan verta betre kjent med seg sjølv og få nye venner som kan fylgja dei vidare i livet. Me ynskjer også at Fjellheim kan få vera ein heim der kvar enkelt elev kan kjenna seg heime. Men framfor noko anna har me eit ynskje og ei bønn om at kvar enkelt elev må verta betre kjend med Jesus gjennom det året dei er her. At det kan vera eit år der dei kan verta meir grunnfesta i trua på Han som har elskat dei så høgt at Han sendte sin einborne son for å gå i døden for deira synder. Me på Fjellheim håper at du kan vera med oss i denne bønna.

PS! Vil du lesa meir om skulen og kva me held på med her? Ta ein tur innom vår nettside:  
<http://www.fjellheimbibelskole.no>



-din el-kontakt

**VESTGÅR ELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektr.no

[www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

## Leirdag for 1. og 2. klasse!

Laurdag 22. januar trøppa forventningsfulle born opp på Skjergardsheimen for å få ein forsmak på leirlivet. Heilt frå klokka 10 om morgonen til klokka 20 på kvelden var det LEIRDAG for 1. og 2. klasse!

Tekst: Hogne Berland Foto: Rune Hansen

Det var tett program og jammen fekk vi pressa inn nesten ein heil leir på ein dag. Vi hadde bibelsamling, aktivitetar ute og inne, hobby, god mat, kiosk, misjonsglimt, sporløp og leirkveld med underhaldning. På leirkvelden fekk også foreldra lov å vera med. Der fekk vi blant anna vera med på ein quiz der foreldra måtte konkurrera mot borna. Det vart veldig jamt, men borna vant så vidt! Til sist fekk vi òg vite kven som vant sporløpet. Spenninga var stor og sjølvtilletten



større og dei fleste rekna med seier. Men dei som til slutt endte opp på vinnarlaget var Hannah Pahr, Stian Vik, Tove-Mari Leknes Torsvik og Sondre Martinussen.

Vi som var ledarar har lyst å takka alle foreldre og born som var med for ein veldig kjekk dag. Håpar vi ser alle igjen på Skjergardsheimen på nye leirar!



## Vikar for NLM sin barne- og ungdomsarbeidar i Øygarden



Bergfrid Almelid (til venstre) er ny barne- og ungdomsarbeidar i Øygarden! Ho går inn som vikar i den 40%-stillinga som Herborg Kari Bondevik Evensen har. Herborg Kari gjekk ut i fødselspermisjon frå og med januar, og NLM har no sett inn Bergfrid til å vera i Øygarden i alle fall fram til sommaren. Ho skal dermed vera med i leirarbeid, Ichty, barnekubbar og anna barne- og ungdomsarbeid i Øygarden. Tidlegare har Bergfrid gjort mykje forskjellig, mellom anna har ho vore utsendt av NLM som misjonær i Afrika. Mange har allereie fått møta henne, og ho gler seg veldig til å verta kjent med born og unge i Øygarden!

Tekst: TOH Foto:ONT

## Barnenytt fra Sanden i Oussoubidiagna, Mali

*Kisibaxo dita n ma. A wuluta Betileheme.  
Frelseren er oss gitt. Han er født i Betlehem.*

Julefeiring i Mali er ganske annerleder enn i Norge. Her er det ingen som har adventskalender eller nisselue. Og den eneste julepynten vi har sett i landsbyen, er litt glitter hos skredderen. Det var veldig koselig. Men for de kristne er julen en stor fest. Da får mange nye klær, fletter og frisyrer, og de gleder seg til det som skal skje.

Her begynner feiringen 24. desember om kvelden. Da var det samling på landsbyplassen med sang, tale og Jesusfilm. Og alle får være oppe så lenge de vil, eller de sovner på plassen og går hjem når det er slutt. (Ikke vi da, vi måtte legge oss hjemme.) De store barna som er med i koret får synge i mikrofoner foran. I år hadde damene øvd på teater som de viste fram til stor glede og latter.

Første juledag var det gudstjeneste i kirken med masse sang og lang tale. Etterpå gikk alle sammen til Pideb. Mamma hadde med tegnasaker og puslespill til barna.

### Minibokhandelen

på kyrkjekontoret har fått inn fleire nye bøker, Cd-ar og DVD-ar.  
Vi gjer spesielt merksam på gåvebok til trøyst og oppmuntring:  
"Som dagen er" Pris: 175,-



Damene lagde mat og snakka sammen, mennene drakk te, spilte kort og snakka sammen. Da det var tomt for tegneark begynte barna å koke te også. Så endelig kom maten, og alle kunne spise det de orka. Det var en skikkelig festdag! Så var julen slutt, og alle gleder seg til påsken som er neste store fest for de kristne.

Sosaba ble litt forundra da hun kom for å hente John Kåre på mandag (3. juledag), og så at juletreet fortsatt var framme. Er ikke julen slutt?? Men Ester Kristine og Hild Elida har hatt juleferie hele uka.

I kveld er det nyttårsaften, og det skal være konsert på landsbyplassen. Men vi skal være hjemme og tenne bål og ligge ute å se på stjernene. Godt nytt år!

*Hilsen Ester Kristine, Hild Elida og John Kåre*

### Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleie av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø



# Kva betyr den nye pensjonsreforma for deg?

I 2011 kjem det ei ny pensjonsreform som vil påverke pensjonen for oss alle. Reforma medfører at kvar og ein av oss må ha eit meir aktivt forhold til vår eigen pensjon.

Snakk med rådgivaren din i Sparebanken Vest for ein gjennomgang av kva konsekvensar den nye reforma får for deg.



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk- og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent osteskink	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

**Velkommen til oss**

**Catering:**

- Varm Mat
- Baguetter
- Kolbiffallerken
- Kaker

- Snitter  
- Koldtbord

**Rong Kafe a/s**

Tlf.: 56 38 74 54

**Velkommen til oss**

**Catering:**

- Varm Mat
- Baguetter
- Kolbiffallerken
- Kaker

- Snitter  
- Koldtbord

**Rong Kafe a/s**

Tlf.: 56 38 74 54

**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf.: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**trend frisør**  
RONG SENTER  
Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post: hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD. 900-1800  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062  
[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

- Massasje
- hudpleie
- fotpleie
- voksing mm

**ØYGARDEN**  
HUD & KROPPSPLEIE  
Rong senter  
Tlf.: 56 38 95 15



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
Vetrldssallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)

# Misjon -berre i land langt borte?

## Tankar om misjon i dagens landskap

For omlag 2000 år sidan vart dei første misjonærane sendt ut av Jesus med dette oppdraget (Matt28,18-20): «*Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til disiplar! Døyp dei til namnet å Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*» Og ein annan stad i Matteus-evangeliet står det: «*Og dette evangeliet om riket skal forkynnast i heile verda til vitnemål for alle folkeslag, og så skal enden koma.*» (Matt24,14)

Av Trine Overå Hansen

Etter heile 2000 år med misjon er det framleis mange som ikkje har hørt dei gode nyheitene! Statistikken viser at omlag 2,7 av verdas 6,7 milliardar innbyggjarar aldri har hørt evangeliet. Tradisjonelle misjonsland har dei siste hundreåra vore land i Afrika, Asia og Sør-Amerika. Etter kvart er det store deler av desse kontinenta som har teke imot den glade bodskapen, og i dag brukar enkelte misjonærar "Google Earth" for å finna unådde folkeslag som har budd isolert i aude landskap og aldri hatt besök av misjonærar. Men treng vi eigentleg reisa så langt for å finna ei misjonsmark i dag? I Grunnlova står det at Norges offentlige religion skal vera den evangelisk lutherske, og tradisjonelt sett har Norge vore rekna som eit kristent land. Omtrent ni av ti nordmenn er medlem av eit kyrkjessamfunn, og 86 % av befolkningen er medlem av Den norske kyrkja. Men når det gjeld antall som går fast på møter eller gudstenester vert talet

eit anna. Omlag 4,5% går regelmessig til kristne samlingar, det vil sei minst ein gong i månaden. Dette tyder på at det også i Norge er mange unådde folk!

Mange vil hevda at det ikkje er så viktig å drive misjon i Norge, dei har jo allereie fått valet om dei vil vera kristne eller ikkje. Nokon vil til og med seia at det er direkte fornærmande å dela evangeliet med andre nordmenn (Vårt Land). Men sjølv om det er mange som er medlem av eit kyrkjessamfunn, er det ikkje dermed sagt at dei kjenner Jesus! Og det er jo like viktig at evangeliet vert forkynnt her også, sjølv om det er aldri så mange år sidan kristendommen kom til landet. Dessutan fører innvandringa til at vi får stadig nye grupper i Norge som aldri før har hørt evangeliet. Tek vi kristne innover oss det ansvaret vi har for å gje dei gode nyheitene til desse eller er vi mest redde for dei framande religionane?

Kvar enkelt person må sjølv bestemma om dei vil ta imot Jesus eller ikkje. Det nyttar ikkje berre å ta vare på gamle tradisjonar, det er eit hjarte-val. Det er det viktigaste valet ein gjer i livet, for det er det einaste som har nokon betydning for kvar vi skal vera i evigheten. Då kan vi ikkje vera redde for å forkynne til folk! Nei, vi må dra misjon der vi kan og ta i bruk alle dei verkemiddel vi har. Kanskje nettopp du som les dette skal byrja å fortelje andre om Gud? Det er ikkje sikkert du vert sendt til Afrika eller fjerne urbefolkningsgrupper. Kanskje kan du vitna om Jesus for nokon du kjenner? Kanskje akkurat det du seier vil få dei til å forstå kva det egentlig dreiar seg om å ta imot Jesus. La oss fortsatt drive misjon i land langt borte, men heller ikkje gløyma alle dei her heima som treng å få møta Han.

**"For jorda skal fyllast med kunnskap om Herrens herlegdom, liksom vatnet dekkjer havsens botn." (Hab.2,14)**

**ØyNytt set fokus på "eldsjeler" i Øygarden:  
I dette nummeret presenterer vi Jan Åge Dale, grunnleggjar og leiar av**

## "Skruen Mekkeklubb" på Tjeldstø

**Kvífor starta du denne klubben, Jan Åge?**

*Eg har på nært hånd fått oppleva kor gale det kan gå og kor mykje rus øydelegg unge menneske. Mange unge- også i Øygarden – slit med rus.*

*For ungdom som ikkje er interessert i sport, musikk eller teater, er det få fritidstilbod. Resultatet er at dei samlast i busskur og kjenner på at dei ikkje høyrer til i dei etablerte miljøa. For nokre av desse blir det ein rekrutteringsarena til bruk av rusmiddel. "Skruen Mekkeklubb" ønskjer å vera eit alternativ til dette.*

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

**Kven kan vera med i denne klubben og kor held de til?**

Alle er velkommen! "Skruen Mekkeklubb" er ein frivillig driven klubb for gutter og jenter frå 15 til 25 år. Klubben sine lokale er i ein stor garasje på Tjeldstø. Her kan ungdommene skru på alt av motor; bil, utanbordsmotorar, grasklipparar, båt, 2- og 4-hjulingar, under vaksne si leiing.

Mekkeklubben blei stifta 10. november i fjor. Garasjen har tidlegare blitt brukt til bygging av lastebilar og inneholdt alt klubben treng av mekanisk utstyr som; sveiseapparat, lakkeringsutstyr, løftebukk, trykkluftsbor og diverse verktoy. Ungdommene har sjølv vore med på å lage utstyrsliste, rydde lokala og organisera verkstaden.

Klubben har starta med å ha opent 3 dagar i veka, og det er ulike vaksne som er ansvarlege kvar dag.

**Korleis har responsen vore på dette tiltaket?**

Etter berre 2 veker hadde klubben 30 medlemmer. Vi veit at det er eit

stort miljø for ein mekkeklubb og satsar på å auka til 50 medlemmer i løpet av 2011. Vi har fått god støtte for tiltaket i Øygarden kommune. Ikkje minst vil eg framheva Frivilligsentralen v/Christel Møvik Olsen som har vore til stor hjelp i etableringsfasen.



**Kan du nemna nokre av planane for 2011?**

Då vil eg kort nemna følgjande:

- Låna tid på glattkjøringsbanen på Skålvik i Fjell.
- Gatebilettreff på Rudskogen 8 - 10 juli 2011
- Prosjekt Toyota Carina, som vi har fått gratis. Den jobbar vi med no.
- Leige tid på Eikås motorsportbane.
- Vi jobbar vidare med å få til ein "Bruk vett-dag", der politi, brannvesen, Røde kors, Øygarden kommune og Trygg Trafikk tar del.

Framover treng vi fleire støttespelarar som vil vera med å bidra økonomisk, slik at vi kan utvikla oss vidare med tanke på å bli eit slagkraftig førebyggande tilbod til ungdom i Øygarden.

Ungdom og andre som er interessert i å vita meir om klubben, kan ta kontakt anten på mail: [janadale@online.no](mailto:janadale@online.no), eller på telefon 411 20 749. Klubben har også eiga Facebook-side: Skruen mekkeklubb.

*Jan Åge Dale, leiar av Skruen Mekkeklubb er oppteken av at ungdom skal ha gode alternativ og på den måten ikkje bli rusavhengige.*

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00  
Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldt bord og snittar.

**Tlf. 56 38 93 80**

## Indrøy Taxi & Transport

**1 - 11 passasjerer  
Rullestol**

**Mobil: 90 59 90 59**



*Åsane Begravelsesbyrå AS*  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes*

**Tinging av turar på**

**tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid  
5336 TJELDSTØ  
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## DØYPTE

### Blomvåg:

Mathias Hagenes Stenhjem,  
Pålsneset  
Andre Totland Rong, Kvalen  
Emilie Hegernes Rong, Oen  
Sara Mengesha Vik, Oslo

### Hjelme:

Emilie Solbakk Alvheim,  
Ådneviksvegen  
Jonah Nicolai Martinussen  
Nesbø, Rådal

## TIL LUKKE



### 70 år:

10. feb Hanna Oline Skråmestø,  
Råkebakkane

### 75 år:

23. feb Gunnar Nelsborg Svellingen,  
Hellesøy  
18. mars Sigmund Karlsen, Hatten  
20. mars John Arne Herdlevær,  
Arsettunet  
20. mars Rasmus Knut Herdlevær,  
Herdlevær

### 85 år:

23. mars Johan Martin Berland,  
Heggøy

### 90 år:

21. mars Kristine Dåvøy,  
Tjødnarvegen

## DØDE

### Blomvåg:

Nils Konrad Toftevåg, Rossnes  
f. 1921  
Olga Bjarøy Vik, Vik f. 1918  
Anny Maria Oen, Oen f. 1927  
Bernt Johan Nielsen, TBOS,  
f. 1920

### Hjelme:

Karina Alvheim, Alvheim f. 1921  
Torill Skålevik, Harkestad f. 1953  
Inga Margrethe Pedersen, TBOS,  
f. 1924



## TAKK

På vegne av Tednebakkane  
omsorgsenter takkar me for  
minnegåva på  
Kr 6000,- som vart gitt  
ved Alf Magnus Sæle sin  
bortgang

Med vennleg helsing

Britt Jorunn Landro  
Pleie og omsorgsjef

## GUDSTENESTER

### 13.feb Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiegudst. v/ S. Martinsen.

### 20.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiegudst v/ E. Hjortland. Øygarden  
barnekantori syng

### 27.feb Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd

### 06.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ E. Hjortland. Nattverd

### 13.mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiemesse m årsmøte v/ S. Martinsen.

### 20.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiemesse v/ S. Martinsen. Nattverd

### 27.mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd.

### 3.april Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiegudst.v/ S. Martinsen Dåpsskulen deltek.

### 10.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familegudst/ Misjonsgudst.v/ E. Hjortland

## INNKOMNE OFFER

### Blomvåg:

12. sept	Bergen søndagsskulekrets	kr. 4173,50
26. sept.	Jinka sjukehuset	kr. 3018,-
24. okt	TV-aksjonen	kr. 4938,-
7. nov	Strømmestiftelsen	kr. 4247,-
21. nov	Kystradioen	kr. 4364,-
5. des	Den Indre Sjømansmisj.	Kr. 2531,50
19. des	Kor og korps som deltek	kr. 2996,50
24. des	NLM-lokalt prosj. Amenya	kr. 9058,-

### Hjelme:

5. sept.	Bergen sønd.skulekrets	kr. 4338,-
19. sept.	Jinka sjukehuset	kr. 4167,-
3. okt	Norsk Lærarakademi	kr. 2057,-
17. okt	Familie og Medier	kr. 2207,-
31. okt	Bergen sønd.skulekrets	kr. 1413,-
14. nov	Norsk Misjon i øst	kr. 1204,-
28. nov	Sjømannskirken	kr. 2642,50
12. des	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2305,-
19. des	Kor og korps som deltek	kr. 3507,50
24. des	NLM-lokalt prosj.Amenya	kr. 6000,-
25. des	Det Norske Misjonsselskap	kr. 2560,-



# Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Elin Mikkelsen  
Berntsen



Heine  
Polden



Tom  
Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)



**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Takk for leirdagen til

### 1. og 2. klasse!

En takk til alle dere ledere som var på leiren  
på Skjergardsheimen lørdag 22. januar.  
Som tante (og følge) til en av deltakerne i 1.  
kl., er jeg mektig imponert av det dere klarte å  
få til med disse små, bare på noen timer.

Temaet var: "Bli kjent med Jesus". Og det vil  
eg tro disse barna ble, fordi fortellinger fra  
Bibelen ble satt inn i rollespill og fine andakter  
som barna forsto.

Jeg møtte en jente på kvelden som var glad og  
fornøyd, og hadde hatt det kjempefint. Og hun  
var klar til å komme til neste år også.

Stå på! Må Gud velsigne dere!  
Hilsen en fornøyd tante.

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

B posten Øy Nytt  
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE  
NOREG P.P. PORTO BETALT

# Åse og Julie fortel frå tur til Jinka i Etiopia

## Ei reise vi aldri vil gløyme!

Den 23.oktober var det endeleg vår tur, klokka 06.30 sat me oss spente på flyet, med kun eit mål; Etiopia! Grunnen til at me reiste til Etiopia er at Øygarden kommune og Øygarden ungdomsskule støttar eit sjukehus i ein liten landsby med namn Jinka. Dette sjukehuset har me støtta sida år 2000. I byrjinga hadde sjukehuset verken straum eller medisinsk utstyr, dette har blitt kraftig forbetra dei siste åra.

Av Julie Børmo og Åse Straume Lyslo



Etter ein lang, men spennande flytur, kom me til flyplassen i Etiopias hovudstad, Addis Abeba. Her vart me møtt av ein smilande mann, ved namnet Eyasu. Han tok oss med gjennom den mørklagde byen som var prega av fattigdom og naud. Gatene var fylt av menneske som i håp om eit betre liv, flytta i frå familiene sine på landet og inn i hovudstaden.

Det er ei merkbar skilnad mellom Noreg og Etiopia. Å gå gatelangs i Addis kan være ei utfordring for mange, og alle



Arbeidet Øygarden gjer er særsviktig ved sjukehuset i Jinka, og har satt sine spor hos pasientane, sjukehusbetjeninga og befolkninga i området rundt landsbyen. Ved første møte med pasientane nekta dei å verte teke bilete av, men ettersom som legane forklarde kven me var, stilte dei gladeleg opp. Dette viser tydeleg at menneska rundt Jinka set pris på det vi gjer.

### Faktaopplysningar om sjukehuset i Jinka og forholdet til Øygarden kommune:

#### Zonal Hospital

- Ligg sørvest i Etiopia
- Vart omgjort frå helsestasjon til sjukehus i år 2000
- Øygarden kommune gir 100.000 kr årleg. (200.000 kr frå 2011)
- Norad støttar med 90%
- Øygarden ungdomsskule har arrangert årleg innsamling sidan år 2000
- 2 norske kirurgar
- 1 dansk jordmor
- Ca 1000 fødslar (med komplikasjonar)
- Dekkjer eit område som er større enn Hordaland og halve Sogn og Fjordane. (ca 650.000 menneske)
- Litt meir enn 100 sengeplassar

inntrykka er vanskeleg å ta til seg. Etter oss kom menn med polio, svoltne barn og kvinner som verken kunne forsørga seg sjølve eller dei ti borna som venta heime på mor. Me la også merke til dei store kontrastane i byen. Midt i slummen kunne du finna nokre av dei flottaste og mest eksklusive hotellkjedane i verda.

Etter nokre lærerike dagar i Addis Abeba, bar turen vidare til målet for turen, landsbyen Jinka. Det var ein fin biltur, der vi fikk oppleva Etiopias natur på sitt beste.



#### Bilettekstar

1. Hus i Jinka
2. Sjukesseng med mor og barn
3. Skjønne barn i Jinka
4. Tore og Marit Vågen, han leiar for NLM sitt arbeid i Etiopia
5. Dei fire som var med frå Øygarden: Torstein, Åse, Julie og Mette Linda

